



Songgruppa Singing Tweens er klar for ny sesong.

Alt klart for ein ny sesong for songgruppa Singing Tweens. Samlingane er på Uskedal Bedehus. Singing Tweens er for born, som likar å syngja, frå 1. klasse og oppover. Samlingane vert gjennomførte med bakgrunn i Covid 19 og smittevernreglane.

- Singing Tweens: Oppstart 31. august kl. 17.00. Det er sett opp 8 samlingar i hausthalvåret. Leiarane er Svanhill Haugland, Nelly og Jon Harald Kjærland og Trude Skogtun. Aldersgrensa vert senka til 1. klasse.

Dei som går i 5. - 7. klasse, kan spørja om å vera syngjande hjelpeleiarar. Gruppa har bytta øvingsdagen frå onsdag til annakvar måndag.

- Småbarnstreffet: Tilbod for born i alderen 0 - 6 år med mor, far og/eller besteforeldre. Oppstart 2. september heime hos Nelly Kjærland. Så er det sett opp 7 samlingar i haust. Frammøte er i kjellaren på Bedehuset. Leiarar er: Selma Eik, Aud Isaksen Haugland, Kristine Hestad og Nelly Kjærland. Småbarnstreffet er i regi av Samskipnaden og Imf-ung.

Dei som vil vera hjelpeleiarar, får tilbod om kurs.

Nelly Kjærland vonar mange ynskjer å vera med på desse aktivitetane. Velkomne til alle, tidlegare og nye syngjande born.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat



Singing Tweens og Småbarnstreffet har sine samlingar på Bedehuset.